



Arkiv: FE-144, FA-GO
JournalpostID: 23/17267
Saksbehandlar: Cecilie Marie Åshamar
Dato: 09.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
23/095	Stad kommunestyre	15.06.2023
23/080	Stad formannskap	08.06.2023
23/028	Stad eldreråd	05.06.2023
23/030	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.06.2023
23/034	Stad ungdomsråd	05.06.2023
23/077	Utval for areal og eigedom	06.06.2023
23/023	Utval for helse og omsorg	07.06.2023
23/048	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	06.06.2023
23/028	Utval for oppvekst og opplæring	07.06.2023

Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 - vedtak

Bakgrunn for saka:

Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 har vore til offentleg ettersyn, og vert no lagt fram for politisk behandling til vedtak, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

For Stad kommune vil dette vere den første heilskaplege og langsiktige planen innan helse og omsorg som omfattar heile kommunen. Planen skal legge grunnlaget for kommunen sine prioriteringar i handlingsprogram, budsjettvedtak og verksemdsplanar på einingsnivå.

Kommunestyret har avgjerdsmynde. Formannskapet har innstillingsmynde. Råd og utval får saka lagt fram til orientering, og får slik høve til å bidra med sine perspektiv før planforslaget vert endeleg vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.

Stad eldreråd 05.06.2023:

Handsaming:

SER- 23/028 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.

Merknad frå SER:

Eldrerådet ynskjer at HO-plan blir evaluert kvart år for å sjå om intensjonen i planen vert følgt opp av administrative/politiske organer.

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:

Handsaming:

SRN- 23/030 Vedtak:

Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 for Stad kommune til vitande slik den ligg føre.

Stad ungdomsråd 05.06.2023:

Handsaming:

SUR- 23/034 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.

Utval for areal og eigedom 06.06.2023:

Handsaming:

Endringsframlegg punkt 2.9 frå Gunn Sande (Sp):

Vidare må ein i dette arbeid også ha fokus på kommunen sin økonomiske bereevne i tillegg til miljøperspektivet.

Endringsframlegg punkt 2.9 frå Framstegspartiet:

Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg.

Det vart fyrst røysta over framlegget frå Frp som vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over framlegget til Gunn Sande(Sp):

Framlegget fekk 4 mot 2 røyster og vart vedtatt. Svein Rotevatn(V) og Jostein Huneide(H) røysta mot.

Det vart deretter røysta over kommunedirektøren sitt framlegg med dei to endringsframlegga.

Kommunedirektøren sitt framlegg med begge endringsframlegga vart samrøystes vedtatt.

UAE- 23/077 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.

Vidare må ein i dette arbeid også ha fokus på kommunen sin økonomiske bereevne i tillegg til miljøperspektivet.

Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg

Utval for kultur, idrett, samfunn og næring 06.06.2023:

Handsaming:

UKISN- 23/048 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.

Utval for helse og omsorg 07.06.2023:

Handsaming:

Framlegg til tilleggspunkt frå Turid Borgund (Frp):

Fremja vedtak til tilleggspunkt frå utval for areal og eigedom: "Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg."

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegg til tilleggspunkt frå Turid Borgund (Frp), som fekk 3 mot 3 røyster og fall. Dei som røysta mot var Gunvald Ludvigsen (V), Webjørn Moa (V) og Judith Kvåle (Ap). Møteleiar røysta mot framlegget. Møteleiar si røyst er avgjerande ved røystelikskep, jf kommunelova § 11-9, 2. ledd.

UHO- 23/023 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i

Framsikt.

Utval for oppvekst og opplæring 07.06.2023:

Handsaming:

Fellesframlegg frå utvalet:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.
4. Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg
5. Vidare må ein i dette arbeid også ha fokus på kommunen sin økonomiske bereevne i tillegg til miljøperspektivet.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

UOO- 23/028 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.
4. Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg
5. Vidare må ein i dette arbeid også ha fokus på kommunen sin økonomiske bereevne i tillegg til miljøperspektivet.

Stad formannskap 08.06.2023:

Handsaming:

Framlegg frå Framstegspartiet:

Fremja vedtak frå utval for areal og eigedom, endring av punkt 2.9:

Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg.

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegg til tilleggspunkt frå Framstegspartiet som fall med 4 mot 5 røyster.

Dei som røysta mot var Gunnar Silden(V), Helle Frogner (V), Gunvald Ludvigsen (V), Wanja Lien (H) og Siri Sandvik (Ap).

F- 23/080 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.

Stad kommunestyre 15.06.2023:

Handsaming:

Linda Gotteberg (V) stilte spørsmål om sin habilitet grunna ho har vore med på å utarbeide planen. Gotteberg vart automatisk kjend inhabil jf. kommunelova § 11-10 2.ledd.

Framlegg frå Framstegspartiet:

Fremjar vedtak frå utval for areal og eigedom, endring av punkt 2.9: Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegg til tilleggspunkt frå Framstegspartiet som vart vedteke med 17 mot 14 røyster. Dei som røysta mot var Arbeidarpartiet, Høgre, Helle Frogner (V), Gunnar Silden(V), Marilyn Osmundsvåg (V), Anita O. Hoddevik (V), Gunvald Ludvigsen (V), Kirsti Ohrvik Olsen (V), Johan Kroken (V) og Sylvia Hammersvik (V).

KS- 23/095 Vedtak:

1. Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteke slik den ligg føre, jf. plan- og bygningslova § 11-15.
2. Kunnskapsgrunnlaget vert teke til vitande.
3. Administrasjonen får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar for å tilpasse planen til bruk i Framsikt.E

Vidare bruk av eksisterande kommunal bygningsmasse som er i bruk som omsorgsbustadar og institusjonar bør av omsyn til brukarane, kostnader og miljø vurderast framfor nybygg


Saksopplysningar:

Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 har vore ute til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14 og vedtak i Stad formannskap 16. mars 2023, F-sak 23/028. Det kom inn ni uttaler i samband med offentleg ettersyn av planforslaget.

Planforslaget som no vert lagt fram er i tråd med dagens nasjonale, regionale og lokale føringar.

Planforslaget er bygd opp rundt helsetrappa. Den handlar om å fremme helse i alt vi gjer. Planen har to innsatsområde: helse i kvardagen og kommunale helse og omsorgstenester, desse er følgd opp av kvar sitt delmål. Det første delmålet er knytt til den blå delen av trappa; innbyggjarane og aktørane i lokalsamfunnet, det andre delmålet er knytt til den grønne delen av trappa; kommunale helsetenester, jf. illustrasjon under.

Delmål 1: Innbyggjarane i Stad har god livskvalitet og er aktørar i eigne liv.



Delmål 2: Innbyggjarane i Stad får nødvendig helsehjelp og omsorg, samtidig som kommunen nyttar helsepersonell på ein effektiv måte.

Planforslaget, slik det låg ute til offentlig ettersyn, inkludert eiga lenke til kunnskapsgrunnlaget, som skal bidra til å gi felles forståing for kva som ligg til grunna for val av mål og strategiar i kommunedelplanen:

[Politisk forslag til kommunedelplan for helse og omsorg 2023-20235](#)

Innkomne uttaler:

- [Svein-Erik Kalvatn](#)
- [Martin K. Waag](#)
- [Nordfjordeid sanitetsforening](#)
- [Fysio- og ergoterapitenesta](#)
- [Bryggja Sanitetsforeining](#)
- [Selje pensjonistlag](#)
- [Bryggja utviklingslag](#)
- [Bryggja pensjonistlag](#)

Vurdering av uttaler:

Uttalene vert teke til vitande og har fleire relevante innspel til vidare arbeid innan helse og omsorg. Kommunedelplanen skal gi overordna retning gjennom delmål og strategiar. Prioriteringar og konkretisering av tiltak vil vere eit kontinuerleg arbeid, som systematisk vil bli følgt opp gjennom årlege prosessar med kommunen sin handlingsdel, økonomiplan og i budsjettarbeidet. Uttalene som dreiar seg om konkrete prioriteringar og konkretisering av tiltak, og er difor vurdert til å ikkje medføre behov for endring av delmål og strategiar i kommunedelplanen. Tertialrapportane og årsmeldingane viser korleis det vert arbeidd i kommunen, kva som har blitt prioritert og korleis det går med samfunnsutviklinga.

Vedteken plan vil bli gjort tilgjengeleg i pdf-format – slik at all informasjon under oppdrag vert synleg samtidig.

Vurdering:

Kommunedirektøren tilrår at kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035 vert vedteken slik den ligg føre.

Økonomiske konsekvensar:

Vedtak av kommunedelplan for helse og omsorg vil ikkje medføre direkte økonomiske konsekvensar. Oppfølginga av planen vil ha økonomiske konsekvensar, men dette vil bli nærare avklart i det årlege arbeidet med handlingsdel og økonomiplan.